

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøte 998290
MØTETIDSPUNKT: 17.03.2022, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Clara Beate Gram Gjesdal	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Ola Jøsendal	Medlem
Hilde Fossmark Helvig	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem
Marianne Heggø Hansen	Varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Arve Varden	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Bernt Flekke	Kommunikasjon- og marknadsdirektør
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL**Sak 01/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Deltakarar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 02/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
09.12.2021****Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 09.12.2021

**Sak 03/22 Administrerande direktør si orientering, pkt. 1-2. Pkt. 3 vart behandla
under lukka del.****Oppsummering**

1. Kvalitetsarbeid i Sjukehusapoteka Vest HF
2. Resultat medarbeidarundersøking ForBedring

Adm.direktør og fagdirektør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 04/22 Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

I lovgrunnlag, vedtekter, oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet til dei regionale helseføretaka, og i styringsdokument frå dei regionale helseføretaka til føretaka er det lagt til grunn at det skal etablerast gode system for brukarmedverknad på ulike nivå. Det er etablert brukarutval i Helse Vest, og i dei fire sjukehusføretaka i regionen. Dei tre andre apotekføretaka har alle oppretta brukarutval. Etter vurdering av fordeler og ulemper tilrår administrasjonen oppretting av eige brukarutval i SAV.

Styret oppmodar Sjukehusapoteka Vest om og å involvera brukarar i aktuelle avvikssaker då dette kan gje meirverdi for føretaket, og ber om at administrasjonen rapporterer til styret status for arbeidet etter ei tids erfaring.

Vedtak (samrøystes)

Styret tilrår oppretting av brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 05/22 Årsrekneskap og Årsmelding 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Saka omhandlar framlegging av revisorgodkjend Årsrekneskap for 2021 og Årsmelding 2021. Årsrekneskapet for 2021 viser eit overskot på 16,172 mill. kroner.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek årsrekneskap og årsmelding for Sjukehusapoteka Vest HF for 2021. Styret ber om at årsrekneskapet og årsmelding vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sitt årsrekneskap og årsmelding for 2021.

Sak 06/22 Styringsdokument 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Styringsdokumentet klargjer premissar og rammer som gjeld for Sjukehusapoteka Vest HF, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til Sjukehusapoteka Vest HF frå eigar. Det er eit krav til at ein gjer seg kjend med styringsdokumentet og legg dette til grunn for arbeidet framover. Styret ber administrasjonen følgje opp rammer og premissar i Styringsdokument 2022 bl.a. innanfor områda pasienttryggleik og samhandling med helseføretaka og kommunane, legemiddellogistikk, risikostyring og IKT sikkerhet og personvern.

Vedtak (samrøystes)

Styre tek styringsdokument 2022 for Sjukehusapoteka Vest til vitande.

Sak 07/22 Deltaking i internasjonalt arbeid – samarbeid med Helse Bergen**Oppsummering**

Helse Bergen har eit etablert internasjonalt samarbeid med Mnazi Mmojo Hospital (MMH) på Zanzibar i Tanzania. Sjukehusapoteka Vest ønskjer å gå i dialog med Helse Bergen, med mål om bli ein del av samarbeidet og slutte seg til rammene og systemet som Helse Bergen har bygd for det. Styret ber om at administrasjonen rapporterer status for arbeidet etter ei tids erfaring.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande.

Sak 11/22 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

Skriv og meldingar

1. Internrevisjonsplan 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF
2. Årsmelding FAMU 2021
3. Brev av 02.11.2021 frå Helse- og omsorgsdepartementet om høyring – forslag til forlengelse av midlertidig forskrift om tiltak for å ivareta tilgangen til legemidler, medisinsk utstyr og personlig verneutstyr under covid-19
 - a. Felles høyringssvar av 12.11.2021 frå Apotekforeningen
4. Brev av 08.12.2021 frå Helsedirektoratet – høyring om overføring av legemidlar til de regionale helseføretaka i 2022
 - a. Felles høyringssvar av 26.01.2022 frå sjukehusapotekføretaka
5. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest 07.12.2022
6. Vedtekter for Helse Vest RHF (sist endra 10.01.2022)
7. Likestillingsredegjørelse 2021; årsberetning 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 03/22 Administrerende direktør si orientering, pkt. 3**Oppsummering**

3. Status for produksjonsstøttesystem i Helse Vest (PCMS)

Adm.direktør og fagdirektør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 08/22 Verksemdsrapport per februar 2022**Oppsummering**

Rapporten er lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per februar 2022 til vitande.

Sak 09/22 Arbeid med farmasøytiske tenester – kommunale anbod**Oppsummering**

Sjukehusapoteka Vest (SAV) ønskjer at farmasøytiske tenester i kommunane er eit område vi har, utviklar og delar kompetanse på. Til grunn ligg eit mål om å bidra til å skape trygge og gode overgangar for pasientane mellom nivåa i helsetenesta, og auke kompetansen på

legemiddelfeltet i kommunane og i samhandlinga med dei. Administrasjonen stadfestar at kommunale anbod om farmasøytiske tenester er tildelt etter open konkurranse med andre apotek, og difor ikkje er i strid med finansieringsordning (EFFA-dom frå 2013).

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande.

Sak 10/22 Rapport 80-20 regelen**Oppsummering**

Sjukehusapoteka Vest HF har etter denne standardiserte metoden eit sal til eigne kundar (eigenregi) på 94,5 % per november 2021. Omsetnad til eksterne kundar har gått opp frå 4,8 % sidan siste rapportering (per november 2020), og er no på 5,5 % og godt innanfor den lovlege grensa på 20 %.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering av 80-20 regelen til vitande.

Styret sitt kvarter.